

# BOKN KOMMUNE

## Forvaltningsstyre

### HOVUDUTSKRIFT

**Møtedato:** 29.11.2017

**Møtetid:** Kl. 19:00

**Møtestad:** Boknatun

**Saksnr.:**

<b>Følgjande medlemmer møtte</b>	<b>Parti</b>
Jørgen Thuestad	AP
June Susanne Grønnestad	H
Per Helge Sunde	H
Daghild Grønnestad Alvestad	SP
Emilie Moi Eikje	SP
Roar Kro Medhaug	SP
Sandra Jøsang	SP

<b>Møteleiar:</b>	Emilie Moi Eikje
<b>Frå adm. møtte:</b>	
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	

Underskrifter:

---

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
046/17	Godkjenning av innkalling
047/17	Godkjenning av møteprotokoll
048/17	Gnr. 10 bnr. 9 - Daniel Are - riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny- dispensasjon
049/17	Gnr. 11 bnr. 275 - Atle Alvestad - garasje - dispensasjon
050/17	Detaljregulering for deler av gnr. 23 bnr. 1, veg og kai, Trosnavåg - endeleg godkjenning
051/17	Gnr. 4 bnr. 1 - Trond Nedrebø - nausthytter - dispensasjon frå gjeldande reguleringsplanar/føresegner - rammeløyve
052/17	Samlesak for delegerte saker
125/17	Gnr. 23 bnr. 14 og 15 - Grieg Seafood Rogaland AS - pumpekum med leidning i sjø - søknad om endring
126/17	Gnr. 19 bnr. 36 - Karen og Jarle Eilertsen - tilbygg til fritidsbustad - endring av fasadar og takplan i høve til tidlegare godkjenning

## **046/17 Godkjenning av innkalling**

**29.11.2017 Forvaltningsstyre**

**Behandling:**

### **FV - 046/17 Vedtak:**

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

## **047/17 Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen blir godkjent slik han ligg føre.

**29.11.2017 Forvaltningsstyre**

**Behandling:**

### **FV - 047/17 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg blei vedtatt samrøystes.

## **048/17 Gnr. 10 bnr. 9 - Daniel Are - riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny- dispensasjon**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå kommuneplanen sin arealdel med tilhøyrande føresegner, for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny på same tomte , slik det er søkt om.

Det er lagt vekt på at det står eit bygg på tomte frå før, og at riving av dette og oppføring av erstatningsbygg ikkje endrar den faktiske arealbruken i dag.

2. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen vert søknad om riving av eksisterande bygg og oppføring av erstatningsbygg godkjent med heimel i § 20-3 i plan- og bygningslova i samsvar med søknad. Godkjenning vert gjeve på dei vilkår som er sett i brev dagsett 29.09.2017 frå kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune:

-Så mykje som mogeleg av tømmerkjernen skal gjenbrukast  
-Det skal nyttast uhøvla og impregnert liggjande kledning med same dimensjon og profilering som originalt, og teglpanner på tak  
-Vindauge skal utførast som kopi av dei originale vindauge, og ha gjennomgåande sprosser

3. Det må søkjast om ferdigattest før nybygget vert teke i bruk. I samband med dette må det sendast

inn oppmålingsdata for bygget. Oppmålingsdata skal leverast på SOSI format 4.0

## **29.11.2017 Forvaltningsstyre**

### **Behandling:**

#### **FV - 048/17 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg blei vedtatt samrøystes.

## **049/17 Gnr. 11 bnr. 275 - Atle Alvestad - garasje - dispensasjon**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Bokn kommune finn ikkje å kunne dispensere frå kommuneplanen sin arealdel når det gjeld krav om reguleringsplan, og frå byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av garasje på austsida av bustadhuset, slik det er søkt om.  
Det er lagt vekt på at plasseringa er vist i strid med byggegrensa mot sjøen som er vist i framlegget til reguleringsplan for området.
2. Dersom det er mogeleg å plassere ein garasje på vestsida av bustadhuset, vil Bokn kommune kunne gå inn for at det vert dispensert frå krav om reguleringsplan, og frå byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova.

## **29.11.2017 Forvaltningsstyre**

### **Behandling:**

#### **FV - 049/17 Vedtak:**

Rådmannen sitt forslag blei vedtatt samrøystes.

## **050/17 Detaljregulering for deler av gnr. 23 bnr. 1, veg og kai, Trosnavåg - endeleg godkjenning**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Bokn kommune vedtek framlegg til detaljregulering for deler av gnr. 23 bnr. 1, veg og kai, Trosnavåg,

med plankart dagsett 08.06.2017 og føresegner dagsett 08.06.2017.  
Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

## **29.11.2017 Forvaltningsstyre**

### **Behandling:**

#### **FV - 050/17 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg blei vedtatt samrøystes.

### **051/17 Gnr. 4 bnr. 1 - Trond Nedrebø - nausthytter - dispensasjon frå gjeldande reguleringsplanar/føresegner - rammeløyve**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå arealbruken i den gjeldande reguleringsplanen ved at bygg C og D samt ein mindre del av parkeringsplass vert plassert på areal sett av til anna trafikkareal.

Vidare vert det dispensert frå reguleringsplanen for utfylling i sjø ved at kaifront nord for bygg C og D vert retta opp.

Det vert også dispensert frå føresegnene i §2.2 i reguleringsplan E39 – Rogfast, planID 2012005 når det gjeld tilkomst til anlegget.

Det er lagt vekt på at ingen av høyringsinstansane har merknader til at dispensasjon vert gjeve, og ein dispensasjon vert ikkje vurdert å setje omsynet som ligg bak reuleringsplanane med føresegner vesentleg til sides.

Føremona ved å gje dispensasjon vert vurdert klårt større enn ulempene.

2. Med atterhald om at dispensasjonsvedtaket ikkje vert klaga på innan fristen, vert detaljplan som mellom anna innber at det kan førast opp naustbuer på moloen, godkjent med heimel i § 6 i reguleringsføresegnene.
3. Med atterhald om at dispensasjonsvedtaket ikkje vert klaga på innanfristen, vert det med heimel i § 20- 3 gjeve rammeløyve for anlegg av molo og brygger, samt oppføring av nausthytter, naustbuer og utlegging av flytebrygge, slik det er søkt om.
4. Før det kan gjevast løyve til å setje arbeidet i gong, må fylgjande krav vere oppfylt:
  - Erklæring om naudsynte ansvarsrettar for prosjektering og utførsle må liggja føre.
  - Dokumentasjon for at moloen tilfredstiller krava til trygg byggegrunn, herunder tryggleik mot overskylling, og at den er dimensjonert for dei krefter den vert utsett for frå bylgjer og straum, må liggja føre.
  - Utsleppløyve må liggja føre.

- Løyve etter hamne- og farvasslova for tiltak i sjø, inkl. avlaupsleidning, må liggja føre.
- Løyve etter forureiningslova for fylling i sjø må liggja føre.
- Vurdering av dei ulike tiltaka i høve til naturmangfaldslova må liggja føre.

## **29.11.2017 Forvaltningsstyre**

### **Behandling:**

#### **FV - 051/17 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg blei vedtatt samrøystes.

## **052/17 Samlesak for delegerte saker**

## **29.11.2017 Forvaltningsstyre**

### **Behandling:**

#### **FV - 052/17 Vedtak:**

Delegerte saker blir tatt til etterretning.

## **125/17 Gnr. 23 bnr. 14 og 15 - Grieg Seafood Rogaland AS - pumpekum med leidning i sjø - søknad om endring**

## **29.11.2017 Forvaltningsstyre**

### **Behandling:**

#### **FV - 125/17 Vedtak:**

##### **Vedtak:**

Med heimel i § 20-3 i plan- og bygningslova vert omsøkte endring godkjent

## **126/17 Gnr. 19 bnr. 36 - Karen og Jarle Eilertsen - tilbygg til fritidsbustad - endring av fasadar og takplan i høve til tidlegare godkjenning**

**29.11.2017 Forvaltningsstyre**

**Behandling:**

**FV - 126/17 Vedtak:**

**Vedtak:**

*Med heimel i § 20-3 i plan- og bygningslova vert endra fasadar og takform på fritidsbustaden i høve til tidlegare godkjenning i sak 086/17, godkjent slik det er søkt om.*